



Arkivnr: 2019/14988-1

Saksbehandlar: Karl Viken, Ingvar Skeie, Pål Kleive

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.08.2019

## Rekneskapsrapport pr. juni 2019

### Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga etter 1. halvår 2019. Prognosene er eit negativt budsjettavvik i 2019 for HFK på 73 mill. kr. Årsprognosene har endra seg noko frå rapport for 1. tertial som vart handsama i fylkestinget i juni. Det vart då rekna med eit negativt årsresultat på 60 mill. kr. I høve til prognosene pr. 1. tertial har samferdselssektoren forverra prognosene sin med 40 mill. kr, og 30 mill. kr av dette igjen er knytt til vegvedlikehaldet. Dei andre sektorane og områda har halde på eller forbetra prognosane sine sidan førre rapportering. Fylkesrådmannen vil fram mot rapporteringa etter 2. tertial gå gjennom status for drifta i alle avdelingane med siktet på å redusere det negative budsjettavviket.

Fylkesrådmannen har som vanleg særskild merksemd mot sektorane Opplæring, Samferdsel og Tannhelse. Samferdselssektoren har no ein negativ prognose på 70 mill. kr der kollektivtransporten ligg an til eit negativt resultat på 40 mill. kr og vegvedlikehaldet ligg an til eit overforbruk på 30 mill. kr. Opplæring og tannhelse melder høvesvis negative prognosar på 15 mill. kr og 5 mill. kr. Dei andre sektorane og avdelingane har prognosar nær balanse i rekneskapen ved utgangen av året.

For budsjettområda som ligg utanom driftsavdelingane; pensjon, renter, kraftinntekter og skatt, er den samla prognosene eit positivt avvik på 13 mill. kr. For kostnadene i samband med opprettninga av Vestland fylke er prognosene eit forbruk som er i samsvar med det totale budsjettet for samanslåinga.

For dei områda og einingane som ligg an til overskridningar vert det arbeidd med tiltak ut året. Tidligare år har ein lukkast med å få ein positiv trend siste halvår; som igjen har gjeve eit betre årsresultat enn det prognosene pr. juni skulle tilseie. Det er målet også for 2019.

Fylkesrådmannen vil i tillegg minne om at utfordringa for 2020 vil krevje merkbare reduksjonar i fylkeskommunen sitt tilbod. Framlegg til budsjett for 2020 for Vestland fylkeskommune vil bera preg av dette.

**Økonomi:** Ingen effekt. Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve til vedteke budsjett.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen verknader

**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2019 til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
konst. fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
konst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 22.08.2019

Rapporteringsrutinane inneber at ein i tillegg til tertialrapportane til fylkestinga i juni og oktober, for høvesvis 1. og 2. tertial, skal rapportera til fylkesutvalet ved utgangen av månadane februar, juni og oktober. Fylkesrådmannen legg med dette fram rekneskapsrapporten pr. juni 2019.

Det vedlagde tabelloversynet, som viser rekneskapen etter 1. halvår, gjev ein peikepinn på utviklinga. Ved jamt forbruk gjennom året skal omlag 50% av budsjettet vere brukt ved halvårsskiftet. I hovudsak samsvarer rekneskapstala pr. juni med dette. På nokre område kan det variere noko kva tid på året store inntekts- og utgiftspostar vert ført. Eit døme er statlege tilskot til kulturtiltak og tiltak innanfor regional utvikling som kan kome inn i rekneskapen på andre tidspunkt enn tidspunktet midlane vert fordelt. I desse tilfella vil det følgjeleg oppstå mellombelse tekniske avvik mellom rekneskap og budsjett.

Fylkesrådmannen vil for resten av 2019 stramme ytterlegare inn på økonomistyringa i organisasjonen. Målet er positiv drift i flest mogleg delar av fylkesøkonomien. I 1. tertialrapport til fylkestinget i juni rapporterte fylkesrådmannen ein prognose for 2019 på 60 mill. kr i negativt budsjettavvik for fylkeskommunen totalt. For dei fleste budsjettområda er denne prognosen uendra eller forbetra. Årsprognosene pr. juni er likevel forverra til 73 mill. kr. Hovudgrunnen til denne forverringa er at Statens vegvesen har meldt eit stort negativt budsjettavvik for vegvedlikehaldet.

Dei to store sektorane opplæring og samferdsel er særsviktige grunna storleiken på økonomiane. I tillegg har desse sektorane tidlegare har hatt budsjettavvik ved årets slutt. Etter rapporteringa for første halvår ligg opplæring an til eit negativt resultat på 15 mill. kr. Dette er ei betring i høve til prognosene pr. 1. tertial som var eit negativt resultat på 19 mill. kr. For samferdsel er prognosene eit negativt resultat på 70 mill. kr, som er ei forverring på 40 mill. kr i høve til 1. tertial der vegvedlikehaldet blinkar seg ut som området med den største risikoen for eit monaleg budsjettavvik. Dei andre sektorane og avdelingane har prognosar nær balanse i rekneskapen ved utgangen av året. Fylkesrådmannen kjem nærmere attende til desse prognosane i rapport etter 2. tertial til fylkestinget i oktober.

Eit årsresultat i nærlieken av prognosene pr. juni samsvarar med summen som i budsjettet er sett av til finansiering av investeringar, 73,2 mill. kr. Fylkesrådmannen legg stor vekt på å ikkje overskrida denne summen slik at ein unngår rekneskapsunderskot. For å unngå dette må det strammast ytterlegare til resten av året og ein må særleg gjennomgå utviklinga for fylkesvegvedlikehaldet.

Fylkesrådmannen vil fram mot rapporteringa etter 2. tertial gå gjennom status for drifta i alle avdelingane med sikte på å redusere det negative budsjettavviket. Fleire sektorar og budsjettområde har ein god trend, og denne må halde fram ut året slik at situasjonen ikkje vert forverra.

Under følgjer ein kort gjennomgang av dei ulike sektorane og områda. Ein gjennomgang av driftsøkonomien, investeringar og eventuell trøng for budsjettjusteringar vil fylkesrådmannen kome attende til i 2. tertialrapportering pr. august som vert handsama i fylkestinget i oktober.

### Status for dei ulike driftsområda

#### Sektorar utan større budsjettavvik etter 1. halvår

Innanfor Regional utvikling og Kultur og idrett er det etter 1. halvår liten risiko for større avvik i høve til budsjettet. Ut frå forbruk pr. juni, og samanlikna med forbruk tidligare år, ser det ikkje ut til å gå mot overskridingar på desse områda i 2019.

#### Politiske organ og administrasjon

Samla sett er det god kontroll på budsjetta som rommar politiske organ, fylkesrådmannen og økonomi- og organisasjonsavdelinga. Det er ikkje venta betydeleg avvik på desse områda ved årets slutt.

#### Samanslåingskostnadar Vestland

Det er for 2019 laga eit budsjett for samanslåingsprosessen for nye Vestland fylke. Her er det spesifisert tiltak og aktivitetar innanfor ei ramme på 46 mill. kr i 2019. I tillegg er det sett av ein budsjettreserve på 7 mill. kr til uføresette kostnadar. Det gjer at det totale budsjettet er på 53 mill. kr. Av det totale budsjettet er det brukt om lag 30 % pr. juni 2019, og forbruket er då ein del lågare enn pårekna (50 %) dersom ein legg til grunn eit jamt forbruk.

#### Eigedom

Årsprognosene for 2019 syner eit mindreforbruk på 4 mill. kr i høve til budsjettet. Det positive avviket skuldast innsparing knytt til leige/utleige, byggdrift for vidaregåande skular og forsikring. Eigedomsavdelinga rapporterer utover desse momenta både positive og negative risikofaktorar; mellom anna kostnadane knytt til regionreform, flytteprosess og arkivering. Alle momenta summert opp er det mest sannsynleg med ei innsparing som vert minst 4 mill. kr ved årets slutt.

#### Samferdsel

I 1. tertialrapport for 2019 var prognosene for året eit negativt budsjettavvik på 30 mill. kr. Denne prognosene er forværra til eit negativt avvik på 70 mill. kr etter 1. halvår.

For vegvedlikehaldet har Statens vegvesen meldt inn ein årsprognose som tilseier eit meirforbruk på 30 mill. kr. Ved 1. tertial var prognosene for vegvedlikehaldet førebels ingen avvik, og endringa heng saman med nye og høgare kontraktsprisar på drift- og vedlikehald for områda Voss, Nordhordland og Stord. Vidare tek ikkje prognosene høgde for hendingar som påverkar vegstrukturen, og som krev akutte tiltak. Erfaring tilseier at det kan koma ras og uver av ein slik storleik at det fører til kostnadar utover det som er budsjettert. I samband med utarbeidning av tertialrapporten etter 2. tertial skal fylkesrådmannen har gjennomgang med regionvegsjefen av fylkesvegvedlikehaldsbudsjettet. M.a. vil ein gå gjennom verknadene av dei nye kontraktane opp mot budsjettet og få oversyn over avslutningskostnadane for dei gamle kontraktane. Siktemålet med gjennomgangen er å finna tiltak som avgrensar budsjettavviket mest mogeleg.

Kollektivtransport har ein samla årsprognose likt eit negativt resultat på 40 mill. kr ved årets slutt. Den negative prognosene kjem av at det er noko lågare inntekter enn budsjettert, og at det er fleire negative avvik på kostnadssida; mellom anna ferjeutgifter, indeksregulering, inntektssikring og skuleskyss. Det er likevel verdt å vera merksam på at det framleis er vekst i talet på reisande, og at inntektene er høgare enn førre år. Dette ser fylkesrådmannen positivt på. Tiltak mot reisande som ikkje betalar, også kalla inntektssikring, ser også ut til å ha hatt fleire positive effektar.

Forutan vegsida og kollektiv er prognosene for resten av områda innanfor samferdsel lik balanse; slik at den samla prognosene for sektoren vert 70 mill. kr i negativt budsjettavvik. Fylkesrådmannen kjem med nærmere gjennomgang av prognosene i tertialrapporten til fylkestinget i oktober, jf. ovanfor.

#### Opplæring

Prognosene for opplæringssektoren samla er ei budsjettoverskridning på 15 mill. kr etter bruk av fond. Dette er noko betre enn prognosene ved rapportering pr. 1. kvartal som var 19 mill. kr i negativt resultat.

For skulebudsjetta samla ser det ut til å gå mot budsjettoverskridning på 4 mill. kr.

Utover budsjettoverskridinga på skulane er det prognostisert 11 mill. kr i negativt budsjettavvik på andre postar i opplæringsbudsjettet. Det er mellom anna avvik i høve til at det er fleire lærlingar enn budsjettert; noko som gir auka utgifter. Det er også høgare forbruk til fagprøver og utgifter til gjesteelever, enn det som er budsjettert.

Fylkesrådmannen følger økonomien innan opplæringssektoren med stor merksemd, og er nøgd med at det er ein betring i prognosene til sektoren.

#### Tannhelse

For tannhelsesektoren er prognosene eit negativt resultat på 5 mill. kr. Dette er ei betring av prognosene pr. 1. kvartal som var eit negativt avvik på 10 mill. kr. Betringa legg til grunn at ein får effekt av tiltaka som

fylkesrådmannen har sett i verk for å betra den økonomiske situasjonen. Mellom anna har ein hatt gjennomgang av økonomien ved TkVest/Hordaland, og det har vore stort fokus på kostnadsreduserande tiltak i sektoren. På inntektssida er det framleis nedgang i pasientinntektene, og dersom desse går enno meir ned må det gjerast ei vurdering av kapasiteten. Fylkesrådmannen kjem attende til effekten av tiltaka og ny prognose ved rapportering for 2. tertial.

#### Skatt og rammetilskot

Pr juni er situasjonen at førebelse tal syner at skatteinngangen er tett opp til, men noko over budsjettet skatteoverslag. Det gjer at med same utvikling vidare gjennom året så vil det verte eit positivt resultat på skattekapitlet.

I revidert nasjonalbudsjett for 2019 er overslaget for dei samla skatteinntektene for kommunesektoren auka med 1,5 mrd. kr. Førebels vurdering tilseier at skatteanslaget til HFK kan aukast. Prognosene på skattekapittelet pr. juni vert sett til 15 mill. kr i positivt budsjettavvik. Prognosene summerer seg av eit betra skatteoverslag frå sentralt hald, og eit mindre overskot på skattekapittelet pr. juni.

#### Renter og avdrag

Det har vore ein viss auke i marknadsrentene 1. halvår av 2019, men dette ligg godt innanfor det ein har rekna med av budsjetterte renteutgifter. Renteinntektene ser ut til å bli om lag 10 mill. kr høgare enn budsjettet. Dette skuldast god likviditet og ein stigande rentesats. Prognosene pr. 1. halvår vert difor eit positivt budsjettavvik på 10 mill. kr.

#### Konsesjonskraftinntekter

Fylkeskommunen har tilgang til vel 400 GWh konsesjonskraft frå ulike kraftselskap i Hordaland. For å redusere risikoen, vert prisen på 60 % av volumet sikra i terminmarknaden. Restvolumet på 40 % vert levert i spot-marknaden. Restvolumet av porteføljen vert selt til den daglege marknadsprisen gjennom leveringsåret.

Fylkestinget vedtok eit budsjett med nettoinntekt på 70 mill. kr frå sal av konsesjonskraft. Prognosene pr. juni er på knapt 65 mill. kr, altså ein svikt på 5 mill. kr.

#### Lønsavsetjing/ pensjonskostnader

Dei sentrale lønsforhandlingane for kommunesektoren ser ut til å ende opp med ei ramme på 3,2 %. Dette stemmer godt med det som er budsjettet; der det er lagt til grunn lønsvekst på 3,25 %.

Når det gjeld pensjonskostnadane la KLP i vår fram ny prognose for 2019. Den nye prognosene er om lag 7 mill. kr høgare enn den som kom i september 2018, og som budsjettet for 2019 byggjer på. Følgjeleg gjev dette eit negativt budsjettavvik på dette området. Dette samsvarer med prognosene pr. 1. tertial.

#### Oppsummering

Alle einingar og budsjettområde oppsummert gjev ein årsprognose for 2019 lik eit meirforbruk på 73 mill. kr; som vist i tabellen nedanfor. Etter 1. tertial var den samla prognosene eit underskot på 60 mill. kr.

**Tabell med status pr. 30. juni 2019 etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen)**

	<b>Rekneskap jun. 2019</b>	<b>Budsjett jun. 2019</b>	<b>Bud.avv. jun. 2019</b>	<b>Prognose bud.avvik</b>	<b>Prognose pr. 1. tertial</b>	<b>Rekneskap jun. 2019</b>
<b>Pol., kont., fylkesrådm.</b>						
Kostnader:	55 661	69 063	13 403			40 462
Inntekter:	-6 093	-28 107	-22 014			-2 519
<b>Netto</b>	<b>49 568</b>	<b>40 957</b>	<b>-8 611</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>37 944</b>
<b>Eigedom</b>						
Kostnader:	177 484	165 333	-12 151			152 805
Inntekter:	-44 708	-23 304	21 404			-46 289
<b>Netto</b>	<b>132 776</b>	<b>142 029</b>	<b>9 253</b>	<b>4 000</b>	<b>1 000</b>	<b>106 516</b>
<b>Økonomi- og org.avd.</b>						
Kostnader:	95 992	97 695	1 702			91 877
Inntekter:	-9 632	-8 200	1 432			-10 132
<b>Netto</b>	<b>86 360</b>	<b>89 495</b>	<b>3 134</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>81 745</b>
<b>Regional utvikling</b>						
Kostnader:	110 080	118 429	8 349			84 275
Inntekter:	-56 970	-62 488	-5 518			-62 256
<b>Netto</b>	<b>53 110</b>	<b>55 941</b>	<b>2 831</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>22 019</b>
<b>Samferdsel</b>						
Kostnader:	1 755 366	1 755 940	574			1 667 526
Inntekter:	-829 152	-815 136	14 016			-783 238
<b>Netto</b>	<b>926 214</b>	<b>940 804</b>	<b>14 590</b>	<b>-70 000</b>	<b>-30 000</b>	<b>884 288</b>
<b>Kultur og idrett</b>						
Kostnader:	178 327	238 469	60 142			164 976
Inntekter:	-95 140	-79 416	15 723			-97 192
<b>Netto</b>	<b>83 187</b>	<b>159 053</b>	<b>75 865</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>67 784</b>
<b>Tannhelse</b>						
Kostnader:	160 243	56 113	-104 130			153 770
Inntekter:	-70 178	33 160	103 338			-70 500
<b>Netto</b>	<b>90 064</b>	<b>89 273</b>	<b>-792</b>	<b>-5 000</b>	<b>-10 000</b>	<b>83 270</b>
<b>Opplæring</b>						
Kostnader:	1 401 643	1 396 492	-5 151			1 352 439
Inntekter:	-307 876	-217 282	90 594			-281 595
<b>Netto</b>	<b>1 093 767</b>	<b>1 179 211</b>	<b>85 444</b>	<b>-15 000</b>	<b>-19 000</b>	<b>1 070 844</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>						
Inntekter:	-3 641 300	-3 318 500	322 800			-3 507 756
<b>Netto</b>	<b>-3 641 300</b>	<b>-3 318 500</b>	<b>322 800</b>	<b>15 000</b>	<b>10 000</b>	<b>-3 507 756</b>
<b>Renter og avdrag</b>						
Kostnader:	323 099	431 350	108 251			387 364
Inntekter:	-21 285	-21 450	-165			-60 400
<b>Netto</b>	<b>301 814</b>	<b>409 900</b>	<b>108 086</b>	<b>10 000</b>	<b>0</b>	<b>326 964</b>

<b>Kraftinntekter</b>						
Kostnader:	25 705	25 000	-705			26 239
Inntekter:	-69 542	-71 000	-1 458			-60 153
<b>Netto</b>	<b>-43 838</b>	<b>-46 000</b>	<b>-2 162</b>	<b>-5 000</b>	<b>-5 000</b>	<b>-33 913</b>
<b>Fellesutg./lønsav./pensj.</b>						
Kostnader:	72 753	80 219	7 466			31 643
Inntekter:	-120 746	-34 450	86 296			-94 020
<b>Netto</b>	<b>-47 993</b>	<b>45 769</b>	<b>93 761</b>	<b>-7 000</b>	<b>-7 000</b>	<b>-62 377</b>
<b>NETTO FYLKET</b>						
<b>TOTALT</b>	<b>-916 270</b>	<b>-212 070</b>		<b>-73 000</b>	<b>-60 000</b>	<b>-922 673</b>